

Sykkylven kyrkjelege fellesråd
Postboks 161
6239 Sykkylven

F-sak 06/15

Protokoll frå fellesrådsmøte 10. februar 2015.

Desse møtte:

Torbjørn Støylen, Trygve Ebbesvik, Karl Johan Gjævenes, Helge Standal, Svein Erik Kampenes, Erlend Lunde og Arild Sporsheim.
Erlend Lunde var med i første del av møte (sak 1). Helge Standal tok del i møtet etter at sak 1 var handsama.

Forfall:

Olav Harald Ulstein

F-sak 01/15 Godkjenning av innkalling og saksliste

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 22/14 Protokoll frå Fellesrådsmøte 9. desember 2014

Vedtak:

Godkjent utan merknad.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 02/15 Fastsetting av rekneskapen for 2014

Kyrkjeverjen orienterte om eit meirforbruk i 2014 på kr. 105 248,- etter at disposisjonsfondet på kr. 6 934,- er trekt frå. Årsaken til dette meirforbruket er i hovudsak ei betydeleg budsjettoverskring på budsjettet for pensjonsinnskot. Dette skuldast store ekstrainnbetalingar til Kommunal Landspensjonskasse (KLP). Noko som skjer til tross for at budsjettet var fastsett på grunnlag av KLP sine eigne prognosar for 2014, og med eit ekstra %-vis tillegg på toppen av det.

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande.

Resultatet for 2014 endte opp med eit meirforbruk på kr. 105 248,- etter at disposisjonsfondet på kr. 6 934,- er trekt frå. Dette meirforbruket blir ståande som rekneskapsmessig underskot og skal nedbetalast i løpet av år 2015 og år 2016.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.


F-sak 03/15 Revidering av budsjett 2015

Kyrkjeverjen orienterte om saksframlegget.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd vedtok budsjettet som framlagt med til saman kr. 52 748,- i meirforbruk. Dette skyldast at meirforbruket i år 2014 på kr. 105 248,- er medrekna og skal nedbetalast over drifta i år 2015 og år 2016.

SKF viser til stram budsjettdisiplin og at budsjettgjennomgang blir fast sak på alle møter i 2015.
Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.



Sykkylven kyrkjelege fellesråd
Postboks 161
6239 Sykkylven

F-sak 04/15 Økonomiplan 2015-2018

Vedtak:

Fellesrådet vedtok økonomiplanen som framlagt med rom for at kyrkjeverjen gjer omprioriteringar. Kyrkjeverjen bes slå saman økonomiplanen og oversikt over utført investeringar og vedlikehald. Dette for lettare sjå kva som er og ikkje er utført av det som var planlagt, og kva nytt som eventuelt har dukka opp.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 05/15 Arbeidsgjevaransvar for mogleg ny tilsett

Alle dei frammøtte medlemmane var kjent med saka vedr. sokneprest Helge Standal sine tankar om å søke biskopen om 50% permisjon i 3 år under gitte føresetnadar som ikkje fullt ut er på plass enda. I forlenginga av dette har sokneråda vedtatt å tilsette ein person i 100% stilling som er finansiert 50% frå Møre bispedømme og resterande 50% av kyrkjelydane, Ikornnes & Sykkylven. Også dette under gitte føresetnadar:

1. *Helge Standal får permisjon i 3 år*
2. *Møre Bispedømeråd overfører midlane til Sykkylven Fellesråd
for å løne ein prest i denne stillinga*
3. *At vi finn ein egna person til stillinga.*
4. *At Sykkylven fellesråd har arbeidsgjevaransvar for denne stillinga.*

Vedtak:

Fellesrådet seier ja til å ta på seg arbeidsgjevaransvaret for ei eventuell slik stilling under føresetnad av at:

1. Helge Standal får permisjon i 3 år.
2. At stillinga/arbeidsforholdet kan avviklast etter 3 år.
3. Møre Bispedømeråd overfører midlane til Sykkylven Fellesråd
for å løne ein prest i denne stillinga.
4. Sokneråda fullt ut er økonomisk ansvarleg for denne stillinga.
5. Vi finn ein egna person til stillinga.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

Orienteringar:

- 2 stk. ulønna medarbeidarar
- Gjennomgang av investeringar/vedlikehald i 2014
- Fondsoppstilling 2015
- Nytt understell til døypefonten i Sykkylven kyrkje

Neste møte: Mars/april 2015

Ref.:

Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar